

┌
Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO
└

REF.
16/5816

VÅR REF.
OV/

DATO
28.20.2016

Høyringsvar – nasjonale retningslinjer for open tilgang til forskingsresultat

Bakgrunn

Språkrådet syner til høyringsbrevet av 01.07.2016, ref. 16/5816, frå Kunnskapsdepartementet om nasjonale retningslinjer for open tilgang til forskingsresultat. Vi ønskjer å kome med innspel til alle delane i rapporten.

Samstundes ber vi om at Språkrådet vert rutinemessig oppført som høyringsinstans på saker frå Kunnskapsdepartementet.

Del 1 Nasjonale mål og retningslinjer

Innleiingsvis meiner Språkrådet at rapporten med forslag til retningslinjer er eit viktig arbeid for å sikre ein koordinert og styrt overgang til open tilgang til forskingsresultat i Noreg.

Språkrådet meiner likevel at det er problematisk at rapporten ikkje tek opp overordna spørsmål som den språkpolitiske sida av open tilgang. Dette vert tydeleg sidan ein ikkje skil mellom tilgjengeleggjering av forskingsresultat og formidling av forskingsresultat. Det er også eit spørsmål om språkval.

I innleiinga til rapporten vert det hevda at open tilgang vil gje store gevinstar til kunnskapssamfunnet, og målgrupper som næringslivet, tilsette i offentlig forvalting, helsepersonell, lærarar, journalistar, pasientar, interesseorganisasjonar osv. vert peikte ut. Det er truleg vanskeleg å nå dette målet dersom retningslinjene først og fremst legg opp til open tilgang til forskingspublisering i internasjonale tidsskrift, som i dei fleste tilfelle vil vere på engelsk. Ein kan altså setje spørsmålsteikn ved effektane av open tilgang til framandspråklege forskingsartiklar. Om ein verkeleg ønskjer å byggje eit kunnskapssamfunn ved hjelp av open tilgang til forskingsresultat, bør ein leggje til rette for forskingsformidling på norsk.

Dette vil vere i tråd med norsk språkpolitikk. På mange fagområde er norsk fagspråk under press frå engelsk, såkalla *domenetas*, og det skjer særleg i universitets- og høgskulesektoren. Samtidig har sektoren eit lovpålagt ansvar «for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk», ifølgje universitets- og høgskulelova § 1-7. Norske fagtidsskrift er ein viktig berebjelke for norsk fagspråk i FoU-sektoren og er



POSTADRESSE
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

KONTORADRESSE
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

TELEFON
+47 22 54 19 50
TELEFAKS
+47 22 54 19 51

E-POST
post@sprakradet.no

INTERNETT
www.sprakradet.no
www.språkrådet.no

dimed med på sikre norsk som eit fullverdig bruksspråk. Samstundes sikrar dei at forskingsresultata vert relevante for det norske samfunnet.

Språkrådet meiner difor at ein må sikre at overgangen til open tilgang ikkje svekkjer statusen for dei norskspråklege tidsskrifta i sektoren.

Vi foreslår difor å ta inn eit eige punkt blant dei nasjonale retningslinjene som skal sikre vilkåra for den norskspråklege tidsskriftfloraen i FoU-sektoren:

Forskningsinstitusjonene har ansvar for at det finnes norskspråklige åpen tilgang-tidsskrifter på flest mulige fagområder.

Del 2 Tiltak og føresetnadar

Rapporten tilrår at dei eksisterande vitenarkiva vert samla i eit felles nasjonalt vitenarkiv, og Språkrådet støttar dette tiltaket. Deponering av artiklar, masteroppgåver, doktorgradsavhandlingar og anna inneber registrering av metadata som t.d. emneord. Språkrådet meiner at det må stillast krav til at forskingsforfattarane registrerer emneorda parallelt på norsk og engelsk i det nasjonale vitenarkivet. Eit slikt tiltak er med på å styrkje norsk fagspråk, særleg norsk fagterminologi, og vil gjere innhaldet i vitenarkivet tilgjengeleg for flest mogleg.

Del 3 Bakgrunn og drøfting

Rapporten tek opp norske humsam-tidsskrift og norsk som forskningsspråk. Språkrådet er samd med rapporten om at humsam-tidsskrifta har ei særstilling i den norske offentlegheita. Det er difor svært viktig at dei økonomiske rammene for slike tidsskrift er trygge og føreseielege. Vi kan ikkje sjå at rapporten er tydeleg nok på dette punktet.

Forskningsrådet stiller ein del krav til humsam-tidsskrifta som får støtte, m.a. tal på fagfellelvurderte artiklar i løpet av året for kvart tidsskrift. Vi forstår det slik at det vil vere vanskeleg for fleire av humsam-tidsskrifta å imøtekomme dette kravet sidan ein del av innhaldet er bokmeldingar og debattinnlegg. Språkrådet meiner difor at det ikkje bør stillast krav som gjer det vanskeleg eller umogleg å oppretthalde humsam-tidsskrifta vi har i dag.

Humsam-tidsskrifta står også i ei særstilling med omsyn til gevinstante ved open tilgang som er nemnde i rapporten, jf. Språkrådets synspunkt på del 1. Ei opplyst offentlegheit kviler på slike tidsskrift.

I samband med dette ønskjer Språkrådet at den aktuelle omlegginga gjev moglegheiter til at fleire fagfelt kunne setje i gang med open tilgang-tidsskrift med eit større nedslagsfelt enn tradisjonelle forskingspubliseringstidsskrift. Dette gjeld til dømes på naturvitskaplege felt. Tidsskriftet *Naturen* (UiB) har lang tradisjon for publisering av artiklar for eit breiare publikum, og kan tene som døme. Det er mogleg at ei eiga incentivordning for nyoppstarta norskspråklege open tilgang-tidsskrift for eit breiare publikum bør vurderast, særleg på område som er strategisk viktige for kunnskapssamfunnet. Raporten kunne med hell diskutert dette.

Språkrådet ønskjer også å peike på at spørsmålet om avtalelisensordning burde ha vore omhandla meir grundig. Spørsmål om kontraktsvilkår og opphavsrett er viktige for å sikre vilkåra for sentrale forvaltarar av fagspråket vårt. Ordninga slik ho vert forvalta av Norsk faglitterær forfattar- og omsetjarforeining (NFF), gjev incentiv til å skrive bøker og artiklar på norsk, og Språkrådet ber departementet ta omsyn til NFFs innspel på dette feltet. Denne ordninga er effektiv og er med på å sikre eit levande norsk fagspråk på mange område.

Samla sett er det viktig at norsk fagspråk vert sikra i overgangen til open tilgang. Det gjeld særleg tidsskrift som når eit større publikum, og som difor nyttar norsk (eller skandinavisk) som språk. Språkrådet fryktar at forslaga til retningslinjer slik dei står no, kan svekkje norsk fagspråk. Retningslinjene bør difor ivareta dette med eit eige punkt, jf. del 1 i dette høyringssvaret.

Med vennleg helsing

Åse Wetås
direktør

Nina Teigland
seksjonssjef